

Handlingsplan mot mobbing

Å skape eit inkluderande miljø i Modnen barnehage. Handlingsplan mot mobbing.

Innhaldsoversikt

Målsetjing

Førebyggja og hindra mobbing

Me ynskjer at barna i barnehagen skal

Korleis opddaga tendens til mobbing

Dei vaksne i barnehagen skal

Samarbeid med foreldre - gjensidige forventningar

Forventningar foreldre kan ha til barnehagen

Barnehagen sine forventningar til foreldre

Evaluering

Vedlegg

Tiltak når mobbing/utestenging skjer

Skjema for møter angående mobbing i barnehagen

Målsetjing

Modnen barnehage har nulltoleranse mot mobbing.

Me vil ha eit respektfullt og inkluderande miljø der alle barn skal kjenne seg trygge og verte godt ivareteke på alle måtar.

«Mobbing i barnehagen kan forstås som at barn vert utsett for negative hendingar frå andre i leik og samspel, der dei opplev å ikkje vere ein viktig person for fellesskapet (Lund og Helgeland, 2016). Det å verte utsatt for mobbing handler om gjentakande negative hendingar, der individet som vert utsett har vanskar med å forsvare seg.

Når vi snakker om byrjande mobbeatferd, er det ikkje opplagt at det er så tydeleg at dei negative hendingane gjenspeglar eit ønske om å gjere nokon andre noko vondt. Men det er uansett viktig å ta tak i for at det ikkje skal utvikle seg til mobbing. At barn viser byrjande mobbeatferd, eller er i risiko for å bli utsatt for byrjande mobbeatferd, kan ha ulike årsaker. Ifølge barnehagens formålsparagraf ligg ansvaret for barnets oppleving av inkludering i barnehagen hos dei vaksne.»

Førebyggja og hindra mobbing

Det er dei vaksne sitt ansvar å forebyggje og hindre mobbing.

Rammeplanen understreker viktigheten av dei vaksnes haldningar, kunnskap og ferdigheiter til å møte, forstå og oppdra barn. Gjennom haldningsskapande arbeid og konkret handling i samarbeid med heimen skal personalet skape eit trygt, inkluderande og stimulerande barnehagemiljø som førebygg mobbing.

Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverker mobbing, og arbeider for at barna verken skal oppleve å verte krenka eller sjølv kome til å krenke andre i framtida.

Barnehagens formålsparagraf seier at barnehagen skal vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap, og at dei tilsette skal møte barna med tillit og respekt.

Me ynskjer at barna i barnehagen skal

- Ha eit miljø der alle vert møtt med varme, anerkjenning og oppmuntring. På den måten kan alle oppleve seg verdifull
- Ha eit miljø der alle respekterer kvarandre for den me er
- Ha vener å leike med. Alle barn skal ha minst ein ven
- oppleve glede og tryggleik i barnehagen
- oppleve at me har eit oppvekstmiljø som styrker barna sin sjølvkjensle – og som gjer dei godt rusta til å møte verda utanfor

Ein felles grunnhaldning om at alle i prinsippet vil kvarandre vel, kan vere eit godt utgangspunkt

Korleis oppdaga tendens til mobbing

- Vera tett på barna i leik og aktivitet for å kunne fange opp åtferd som kan utvikla seg til mobbing
- Kvalt barn har vaksne som kjenner barnet og føresette godt
- Observasjon og deltaking i barn sine samspel
- Tilbakemelding frå andre barn.
- Ser endring i barna si åtferd
- Barnesamtalar
- Refleksjonar i personalgruppa
- Foreldresamtalar der barna si åtferd og venskap vert teke opp

Dei vaksne i barnehagen skal

- Sikra at alle barn deltek i leik ved å hjelpa dei til å meistra leikekoder og gje dei ferdigheiter som gjer at dei får innpass i leik med andre
- Sikra felleskapsopplevingar der venskap kan prøvast ut og styrkast
- Hjelpa barna til å utvikle god sjølvkjensle og meistringsooppleving – kvart barn er unikt
- Ha fokus på, og bidra til å utvikla barna sin sosiale kompetanse
- Byggja relasjonar vaksen - barn og støtta barna når dei byggjer relasjonar til kvarandre
- Vera varme og grensesetjande
- Hjelpa til med å setja ord på kjensler
- Hjelpa barna med sinnemeistring
- Setja i gang leik og bidra til å utvikla den
- Vera tilstades og vera deltakande
- Formidla verdiar som respekt og toleranse, fellesskap, omsorg og medansvar
- Læra barna korleis dei løyser konflikhtar

Samarbeid med foreldre - gjensidige forventningar

Personalet skal vera medviten sitt ansvar om å forebyggja og setja inn tiltak mot mobbing

Forventningar foreldre kan ha til barnehagen

- Nært samarbeid og god dialog, prega av openheit og likeverd
- De skal oppleva å verta sett, høyrd og inkludert
- Taushetsplikta vert overhalde
- Informasjon om korleis det vert jobba for å forebyggja mobbing på foreldremøte årleg
- Korleis det vert jobba for å skapa eit inkluderande miljø i barnehagen vert tek opp på foreldresamtalane
- Barnehagen tek kontakt same dag ved henting/eventuelt ringjer dersom personalet opplever at barnet vert utsett for ei uønska hending, eller om det er ditt barn som har forårsaka ei uønska hending.
- Barnehagen tek kontakt ved åtferd som bekymrar
- Barnehagen set i gang prosedyren om mobbing/utestenging og det vert skrive referat

Barnehagen sine forventningar til foreldre

- Foreldre kontaktar pedagogisk leiar eller styrar og ber om ein samtale for å prata om ting dei er urolege for angående barnet
- De pratar positivt heime om barnehagen, dei tilsette og barna i barnehagen
- Foreldre er barna sine viktigaste rollemodellar, ver derfor varsam i samband med kva som vert sagt medan barna høyrer på
- De respekterer verdien av bringe/hentesituasjonen i barnehagen. Legg vekk telefon og andre forstyrrende element og gje barnet merksemd.
- Foreldre les informasjon og held seg oppdatert i dei kanalane de har tilgang til informasjon frå

Evaluering

Personalet skal jamnleg evaluera sitt arbeid med å skapa eit inkluderande miljø i barnehagen.

Vedlegg

- Tiltak når mobbing/utestenging skjer
- Skjema for møter angående mobbing i barnehagen

Tiltak når mobbing/utestenging skjer

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring Dato og signatur
1. Den som observerer mobbing informerer dei andre tilsette og det vert teke opp på avdelingsmøte. Beskrive så konkret som mogleg kva som har skjedd. Kva har barnet gjort? Korleis har dei vaksne reagert? Verte eininge om tiltak vidare	Alle	
2. Snakk med barna om det som har skjedd. Be barna kome med forslag til kva me kan gjere vidare. Sjå dette opp mot det personalet har kome fram til	Den som står barnet nærast	
3. Foreldre til den/dei som vert mobba/utestengd og den/dei som mobber, vert teke med på råd.	Pedagogisk leiar	
4. Møte med foresatte-tiltak iverksettast-referat vert skrive og arkiverast	Pedagogisk leiar/styrar	
5. Evaluering av korleis det går etter ei veke. Samtale med barna	Pedagogisk leiar/styrar	
6. Informasjon eller samtale med foreldre etter behov. Javnleg oppfølging	Pedagogisk leiar	
7. Eventuelt vidare tiltak	Pedagogisk leiar/styrar	
8. Oppfølgingssamtale	Pedagogisk leiar/styrar	

Skjema for møter angående mobbing i barnehagen

Dato:

Tilstades på møtet:

Kva saken gjeld? Kva tiltak har vore prøvd ut?	Dette skal det arbeidast vidare med:	Ansvarsfordeling:

Dato for oppfølgingsmøte:

Underskrift tilsette: